



# SOGN TINGRETT

Justis- og beredskapsdepartementet  
Pb 8005 Dep

0030 OSLO

Sogndal, 26 08 16

## SAMANSLÅING AV SOGN TINGRETT OG FJORDANE TINGRETT HØYRINGSSVAR

Eg viser til departementet sitt høringsbrev og høringsnotat av 06.06.16.

Sogn tingrett gav den 17.03.14 fråsegn i samband med at spørsmålet om samanslåing då var til handsaming.

Mykje av det som går fram av denne, er etter mitt syn framleis relevant og eg legg difor for ordens skuld ved fråsegna.

Av denne vil det mellom anna gå fram at eg då konkluderte med at Sogn tingrett burde oppretthaldast som sjølvstendig domstol.

Det er imidlertid fleire forhold som gjer at eg no ser anleis på spørsmålet og eg peikar på fylgjande :

### Rekruttering og bemanning

Vi har framleis ikkje problem med å rekruttere svært godt kvalifisert personell både som sakshandsamsamar og dommarfullmektigar.

Vi har imidlertid registrert at vi er sårbare for sjukmeldingar særleg etter at talet på sakshandsamarar vart redusert frå 3 til 2. Ei sjukmelding vil då halvere kapasiteten på sakshandsamarar og situasjonen vert då raskt uhaldbar.

### Saksavvikling og sakshandsamingstid

Det vil av Domstoladministrasjonen sin statistikk gå fram at sakshandsamingstida har gått noko opp i Sogn tingrett dei seinare åra når det gjeld sivile saker. Sjølv om denne kan vere noko misvisande, har arbeidsbelastninga har vore stor i periodar. Dette skuldast i stor grad mange saker etter barnelova, barnevernlova og naturskadelova.

Det vert og vist til at etter den såkalla ressursfordelingsmodellen for 2016 som er utarbeidd av Domstoladministrasjonen, skal domstolen ha 6,5 årsverk medan det faktisk talet i dag er 4.

Skal domstolen halde fram i noverande form, må den såleis tilførast ressursar både når det gjeld sakshandsamarar og dommarar.

Når situasjonen trass det må seiast å vere akseptabel, skuldast det at vi har fått tilført ressursar frå Fjordane tingrett.

Det er og grunn til å peike på at vi har prosessreglar som skapar utfordringar for domstolar med ein fast dommar og ein dommarfullmektig.

Det gjeld for det første bestemmelsen i domstolova § 109 om avleidd ugildskap og som hos oss har ført til at vi har måtta overføre ei rekke saker til annan domstol.

Det er vidare lagt til grunn at dommarfullmektigen ikkje bør handsame saker etter barnevernlova og oreigningsskjønn. Reglane i tvistelova § 12-4 siste ledd og § 8-7 andre ledd er og lite tilpassa domstolar med berre to dommarar.

#### Omsynet til aktørar og publikum, reisetid mv

I fråsegna av 17.03.14 la eg vesentleg vekt på den lange reisetida til Førde frå kommunane som høyrer til Sogn tingrett og det har ikkje sidan då skjedd endringar av betydning når det gjeld dette.

Det må såleis vere ein klar føresetnad for ei samanslåing at Sogndal vert oppretthalde som kontorstad, noko eg oppfattar er tilfelle, jf uttalen i høyringsbrevet om at "*Begge kontorsteder vil være bemannet med dommere og saksbehandlere.*"

Det er elles grunn til å tru at ein samanslått domstol vil kunne yte eit betre tilbod til aktørar og publikum både i form av kortare sakshandsamingstid og ved ei moderat spesialisering.

Eg er og samd i at ei samanslåing vil bidra til eit betre fagleg miljø og høgare kvalitet på tenestene våre.

#### Tilhøvet til Indre Sogn jordskifterett

Indre Sogn jordskifterett og Sogn tingrett flytta i novemer 2010 saman inn i nye, tilpassa lokaler og domstolane har i dag felles spiserom/møterom og to felles rettssalar, ei ordning som fungerer godt.

Eit av føremåla med samlokalisering var å skape ei meir robust eining og det kan då framstå som lite konsekvent etter så kort tid å ta steg til å nedlegge Sogn tingrett som sjølvstendig domstol.

Eg meiner imidlertid at dette ikkje bør vere avgjerande og at samarbeidet mellom dei to domstolane bør halde fram etter ei eventuell samanslåing enten i si noverande form eller tilpassa den nye strukturen.

### Omsynet til eksisterande tilsette

Det er frå vår side eit klart krav og ein føresetnad at eksisterande tilsette ved Sogn tingrett framleis skal ha arbeidsplassen sin i Sogndal fram til dei sluttar i domstolen med mindre ein blir samde om ei anna ordning.

Eg peikar på at reisetid til Førde på sommarstid er ca 1 t 20 min og med dei planar som ligg føre om vegbygging, kan denne i dei kommande åra bli forlenga betydeleg som fylgje av trafikkregulering.

### Konklusjon

Med dei føresetnader som går fram ovanfor, er det etter dette mitt syn at dei beste grunnar talar for ei samanslåing av Sogn tingrett og Fjordane tingrett.

Sogn tingrett

  
Harald Hjermann



## **SOGN TINGRETT**

POSTADRESSE: POSTBOKS 34, 6851 SOGNDAL  
KONTORADRESSE: SOGNINGEN STORSENTER, SOGNDAL

Domstoladministrasjonen

7485 Trondheim

Sogndal, 17 03 14

### **SAMANSLÅING OG SAMLOKALISERING – SOGN TINGRETT SINE SYNSPUNKT**

Eg viser til justisdepartementet og DA sine brev av høvesvis 11 og 21 02 14 og til kontakt med DA der det vart gitt utsetting med fristen for å komme med innspel.

Eg finn det rett å ta utgangspunkt i dei tre kriterier som DA meiner skal vektleggast, men eg meiner at også andre forhold er relevante.

#### **1 Domstolen sin storleik**

I Sogn tingrett har vi i dag som kjent ein fast dommar og ein dommarfullmektig.

Særleg i DA sitt notat av 22 01 13 og brevet av 21 02 14 er det peika på fleire forhold som ein meiner tilseier at domstolane bør bli større og nokre av desse finn eg grunn til å kommentere.

#### **Større og breiare fagmiljø**

At fagmiljøet blir større ved samanslåingar seier seg sjølv, men betydningen av dette blir lett overvurdert.

Det er særleg grunn til å peike at den betydelege auken vi har hatt i dei seinare år når det gjeld rettskjelder og elektronisk tilgang til desse. Dette gjer at det er mykje lettare enn tidlegare både for sakshandsamarar og dommarar til ei kvar tid å vere fagleg oppdaterte.

Også den sterke auken i kompetansetiltak, både nasjonale, regionale og lokale, gjer at den dei tilsette si faglege utvikling i dag blir godt ivaretatt. Det skjer sjølvstøtt også ei omfattande utveksling av erfaring uformelt mellom sakshandsamarar og dommarar.

Det er såleis ikkje grunnlag for å hevde at små domstolar i dag reint fagleg fungerer dårlegare enn dei større.

#### **Spesialisering**

Det klare utgangspunkt for dei alminnelege domstolane er at alle dommarar skal kunne handsame alle sakstypar, men det er som kjent no åpna for "moderat" spesialisering.

Dette kan sjølvsagt i avgrensa grad gjennomførast hos oss, men noko argument av vekt kan eg vanskeleg sjå at det er tale om. Langt dei fleste saker vi handsamar, både sivile og straffesaker, er av ein slik karakter at begge dommarar vil kunne handsame desse på ein fagleg fullt forsvarleg måte.

### Behovet for robuste domstolar

Ein liten organisasjon vil rimelegvis vere meir utsett til dømes ved lenger sjukefråver eller for svingingar i sakstilfanget, men eg kan ikkje sjå at dette har vore eit problem ved vår domstol. Utsetting eller omberamming av saker eller andre problem med drifta som fylgje av sjukefråver eller anna fråver har ikkje vore noko problem i Sogn tingrett.

Men eg er innforsaått med at svingingar i saksmengda kan vere ei utfordring for ein liten domstol. Dette problemet kan imidlertid på ein smidig måte avhjelpast ved at ein justerer overlappingstida for dommarfullmektigane i den grad behovet tilseier det.

Eg meiner såleis at ein liten domstol kan ha ei like god kapasitets- og ressursutnytting som ein større og kanskje meir tungrodd organisasjon.

Det har og vore peika på at små domstolar er mindre rusta til å handsame særleg omfattande og tidkrevande saker.

Det er i utgangspunktet korrekt, men det er for det første grunn til å peike på at det er svært sjelden at vi får slike saker til behandling.

For det andre peikar eg på at både når det gjeld sivile saker og straffesaker har vi i dag smidige reglar om overføring av saker mellom domstolar, jf straffeprosesslova § 11 og domstollova § 38.

### Rekruttering

Det har og vore peikt på at større domstolar sikrar betre rekruttering.

I dei 9 åra eg har vore ved Sogn tingrett, har vi både når det gjeld sakshandsamarar og dommarfullmektigar hatt svært god søkning til ledige stillingar. Slik arbeidsmarknaden har vore i denne perioden, også i vårt distrikt, tilseier det at vi også i framtida vil kunne sikre ei god rekruttering til domstolen.

## **2 Lokalisering**

Det er og grunn til å peike på at det har vore ei positiv utvikling i folketalet i domssoknet – eg legg til orientering ved oversyn over folketalsutviklinga i perioden 2007 – 2014.

Når det gjeld framtidig utvikling, går fylgjande fram av Sogn og Fjordane fylkeskommune sin prognose:

Fylkeskommunen ventar at det i 2030 vil vera 117 400 innbyggjarar i Sogn og Fjordane. Dette vil vera 8400 fleire enn ved utgangen av 2013. Den årlege folketalsveksten vil vera noko mindre enn i perioden 2008 – 2013, men vil likevel vera stor i eit historisk perspektiv.

Eg peikar vidare på at fylgjande offentlege instansar er lokalisert i soknet:

- Fylkesmannen
- Fylkeskommunen
- Statens vegvesen, region vest
- DIFI
- Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Vestlandsforskning

Dei fleste av desse institusjonane har dei seinare åra tilsett stadig fleire juristar og anna personell som klart bidrar til at det ikkje vil by på problem å rekruttere velkvalifisert arbeidskraft til Sogn tingrett, jf det som er sagt om dette ovanfor.

Sogn og Fjordane politidistrikt ligg som kjent i Florø, anslagsvis 2 t 30 min køyring frå Sogndal og etter mitt syn bør ikkje spørsmål knytta til framtidig organisering av politiet få betydning for spørsmålet om endringar i domstolstrukturen i fylket.

### 3 Reisetid

I tillegg til Sogndal, soknar det i dag 7 kommunar til Sogn tingrett og reisetid til Sogndal med personbil frå kommunesenteret i desse til Sogndal er om lag slik

|                                 |    |            |            |
|---------------------------------|----|------------|------------|
| Luster kommune – Gaupne         | ca | 30 min     |            |
| Balestrand kommune – Balestrand | ca | 1 time     | inkl ferje |
| Vik kommune – Vik               | ca | 1 t 15 min | inkl ferje |
| Aurland kommune – Aurland       | ca | 1 t 15 min | inkl ferje |
| Lærdal kommune – Lærdalsøyri    | ca | 45 min     | inkl ferje |
| Leikanger kommune – Leikanger   | ca | 25 min     |            |
| Årdal kommune- Årdalstangen     | ca | 1 t        | inkl ferje |

Det er grunn til å peike på at reisetida frå utkantane i dei fleste av kommunane er til dels vesentleg lenger.

Det vert og peika på at vi ikkje i dei næraste åra vil få endringar når det gjeld vegutbygging eller anna som i særleg grad vil redusere reisetida.

Reisetid med offentlege transportmiddel vil og innebere ein til dels betydeleg auke i reisetida.

Reisetid frå Sogndal til Førde er ca 1 t 20 min og for dei fleste av kommunane vil denne då komme i tillegg til dei nemde tidene.

Dette vil etter mitt syn innebere ei uakseptabel lang reisetid for dei som har ærend i domstolen.

Det vil også innbere betydelege meirkostnader for privatpersonar, verksemder og det offentlege.

Eg peikar på at i tillegg til aktørane i rettsmøter, er det fleire andre som oppsøker domstolen. Det er no som kjent høve til å reise søksmål og gi tilsvar ved personleg frammøte i domstolen, noko som stadig fleire nyttar seg av.

I tillegg oppsøker ei rekke arvingar og etterlatte domstolen personleg får å få hjelp i samband med oppgjer av dødsbu og eg ser det som viktig at vi også på dette området kan gi god service.

#### **4 Andre forhold av betydning**

Sogn tingrett flytta i november 2010 inn i nye, spesialtilpassa lokaler og vi vart samstundes lokalisert saman med Indre Sogn jordskifterett. Ei slik samlokalisering var som kjent i samsvar med signal frå DA og dei to domstolane har i dag felles rettssalar og lunsjrom og dei tilsette i begge domstolane er samde om at samlokaliseringa fungerer svært godt.

Det har og vore investert betydelege beløp i nytt AV-utstyr og anna utstyr.

Sogn tingrett framstår såleis i dag som tidsmessig og godt eigna til å møte framtidige utfordringar.

Med helsing

Harald Hjermann